

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 15. des. 2023

Stad: Teams

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Anders Halland	Nesbyen kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune
Ola Frogner	Hemsedal kommune

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:

SAK 65/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27. OKT 2023**Vedtak:**

Protokollen 27. okt 2023 er godkjent.

SAK 66/23 ENDRINGAR I INNTEKTSSYSTEMET I KOMMUNANE**Vedtak:**

Saka blir utsett til neste møte i Regionrådet

SAK 67/23 BEREKRAFTIG REISEMÅL – REMERKING

Regionrådet tok ein runde på kva kommunane har lagt inn i budsjett og korleis ein kan løyse få til ei remerking av berekraftig reisemål.

- | | |
|-----------|---|
| Hol: | Startar jobben no - har lagt ein plan og ønskjer å gjera jobbe sjølv. |
| Ål: | Har lagt inn midlar til ein regional ressurs - avklarar lokal innsats med destinasjon |
| Hemsedal: | Har sett av midlar til å jobbe med besøksforvaltning – vil vurdere ein regional ressurs |
| Gol: | Har lagt inn midlar til ein regional ressurs - avklarar lokal innsats med destinasjon |
| Nesbyen: | Ikkje sett av regionale midlar – men har sett av lokalt |

Vedtak:

Ål og Gol er med på ein regional ressurs

Hemsedal og Nesbyen treng tid til å avklare lokalt i løpet av januar

SAK 68/23 UNGDOMENS HALLTING – FINANSIERING

Ungdomens Hallting blir arrangert 25. og 26. desember.

Kommunane dekker overnatting for sine unge deltagarar. Alle kommunar er med på dette.

SAK 69/23 BUDSJETT 2024. MOGLEGE REGIONALE KONSEKVENSAR BEHANDLINGA I KOMMUNANE.

Nesbyen har fatta vedtak om innsparing på kr 300 000 på interkommunalt samarbeid, samt reduksjon på etablerertenesten på kr 90000 neste år

Vedtak:

Regionrådet ønskjer ein gjennomgang av interkommunale selskap og samarbeid på neste møte

SAK 70/23 EVENTUELTT**Info om Regionråd, klimaplan og Sats på Hallingdal i kommunane**

Administrasjonen i Regionrådet kjem gjerne rundt til kommunane for å informere om regional samarbeid

Status Campus Hallingdal

- Hallingtinget er informert om dei ulike studietilboda som skal starte opp til hausten – sendt ut med møtereferatet frå Hallingtinget
- Utdanningskomiteen på Stortinget har spelt inn ein merknad til statsbudsjettet om fullverdig etablering av eit Campus i Hallingdal
- Styremøte i USN. Petter Aasen har jobba godt for oss. Styret i USN er skeptiske til å opprette eit eige campus, men vedtaket vart positivt for campus Hallingdal underføresetnad av at det kjem ein opptrapningsplan.
- Marknadsføring av Campus må starte no. I Hallingdal bør marknadsføringa skje i samarbeid med andre samlingsbaserte studiar ved USG og Torpomoen, slik at aktuelle kandidatar får oversikt over breidda i tilbod.

Bruk av KI i kommunane

Regionrådet ønskjer ein introduksjon til KI på neste møte

Vardar aksjonæravtale

Odd Egil orienterte. Det blir jobba med ein ny eigarstrategi for Vardar. Det administrative arbeidet er ferdig til våren og så vil det koma ein sak til kommunane til hausten. Odd Egil ber om innspel frå kommunane når det gjeld utbyttepolitikk, styringsdialog, det å beskytte småaksjonærar eller anna, og så kjem han attende til RR våren 2024 for å gje ei oppdatering når det blir aktuelt.

Hallingdal 20. des. 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar